



Ny kommune i indre Sunnfjord

Programplan for gjennomføring av kommunesamanslåing

Versjon 1, vedteke av fellesnemnda i møte 18.10.17



Innhald

1. Forord	4
2. Innleiing/introduksjon	5
2.1 Formål med dokumentet.....	5
2.2 Kva skjedde i perioden haust 2014 – sommar 2017	5
2.3 Staten sine mål med kommune og kommunereforma	7
2.4 Oversikt over grunnlagsdokumentasjon, vedtak mv.....	8
2.5 Revisjonstidspunkt	8
3. Mål for den nye kommunen.....	9
3.1 Ulike typar mål	9
3.2 Hovudmål/samfunnsmål	9
3.3 Kven er målgruppene/interessentane?.....	10
3.4 Effektmål (konsekvens for brukarane/interessentane) – 3-5 mål pr interessent.....	11
4. Program-/prosjektmandat	12
4.1 Organisering av arbeidet	12
4.2 Fasar	12
4.3 Hovudprosjekt	12
4.3.1 Poltiske prosjekt	13
4.3.2 Administrative prosjekt	13
4.4 Viktige milepelar.....	13
4.5 Prosjektstyringsverktøy	13
4.6 Resultatmål.....	13
5. Program- og prosjektorganisering – fullmakter mv	15
5.1 Forholdet mellom eksisterande kommunar og ny kommune.....	15
5.2 Organisasjonskart	15
5.3 Roller og mynde.....	15
5.3.1 Fellesnemnda	16
5.3.2 Partssamansett utval (PSU)	17
5.3.3 Arbeidsutval.....	18
5.3.4 Drøftingsarenaer	18
5.3.6 Administrativ styringsgruppe	18
5.3.7 Prosjektkoordinator/-sekretariat	19
5.3.8 Politiske prosjekt	19
5.3.9 Administrative prosjekt	19
6 Omstillingsdokument	20
7. Gevinstrealisering.....	20

8.	Risikostyring	20
9.	Informasjon, kommunikasjon og involvering.....	20
10.	Økonomi	21
10.1	Økonomiske verkemiddel.....	21
10.1.1	Eingongskostnader	21
10.1.2	Reformstøtte	21
10.2	Rekneskapsføring	22
10.3	Budsjett	22
10.4	Revisjon	22
10.5	Rapportering.....	22

1. Forord

Kommunane Jølster, Naustdal, Førde og Gaular gjorde innan fristen 01.07.16 gjensidige vedtak om å slå seg saman til ein kommune med verknad frå 01.01.20.

8. juni 2017 behandla Stortinget proposisjon 96S (2016-2017) «Endringer i kommunestrukturen», og det vart vedtatt at kommunane i indre Sunnfjord blir slått saman frå og med 01.01.20. Same dag behandla Stortinget også lovproposisjon knytt til nye oppgåver til kommunar og regionar.

21. juni 2017 vart det gjennomført felles kommunestyremøte kor det vart bestemt at:

- Talet på medlemar i det nye kommunestyret skal vere 45
- Kommunestyrevedtak knytt til kriterium for samansetting og funksjon til fellesnemnda, revisorordning og ev. andre fellesorgan vart tatt til vitande
- Kommunane sine ulike vedtak knytt til namn på ny kommune vart tatt til vitande og oversendt Fylkesmannen i Sogn og Fjordane / Kommunal- og moderniseringsdepartementet for vidare handsaming.

28. juni 2017 vart det gjennomført konstituerande møte i fellesnemnda, og mellom anna vart følgjande vedteke:

- Olve Grotle valt til leiar og Anita Eide Kvamme til nestleiar
- Ole John Østenstad, rådmann i Førde kommune, skal fungere som prosjektleiar/-ansvarleg fram til ny prosjektleiar/rådmann i ny kommune er på plass
- Øystein Høyvik skal ha rolla som prosjektkoordinator i prosjektperioden
- Det skal opprettast prosjektsekretariat.

I møte 20. september 2017 vedtok fellesnemnda at partssamsett utval (PSU) skal ha same leiar og nestleiar som fellesnemnda.

Den nye kommunen i indre Sunnfjord vil få om lag 22 000 innbyggjarar, og ha om lag 2 150 tilsette fordelt på ca 1 650 årsverk.

Kapittel 2 vil for nokre bli opplevd vel omfattande. Grunnen til at ein har valt å skrive relativt detaljert om prosessen frå hausten 2014 og fram til dags dato er todelt. For det første vil det vere ei viktig oppsummering av ein viktig prosess i indre Sunnfjord. For det andre kan det vere ein plass for medlemmer av prosjektorganisasjonen å bli mint om prosessar og avgjerder som er tatt, og drøftingar som er gjort.

2. Innleiing/introduksjon

2.1 Formål med dokumentet

Programplanen, som skal reviderast og oppdaterast jamleg, har som oppgåve å skildre ulike sider ved prosjektarbeidet som skal føregå ut 2019. Truleg må det på eit seinare tidspunkt drøftast om prosjektperioden bør utvidast til å gjelde ein periode etter at ny kommune er etablert for å sikre gevinstrealisering.

2.2 Kva skjedde i perioden haust 2014 – sommar 2017

I januar/februar 2015 vart det i kommunane Gloppen, Jølster, Førde, Gaular, Naustdal, Flora, Fjaler, Askvoll og Hyllestad gjort vedtak om å delta i arbeidet med å få utarbeidd felles utgreiingsprogram og tinging om intensjonsavtalar. I tillegg gjorde Solund kommune vedtak om å delta knytt til alternativ kor kommunane Solund, Hyllestad, Askvoll og Fjaler inngjekk (HAFS).

Før sommaren 2015 vart det i kommunane gjort vedtak om gå vidare i høve følgjande framforhandla intensjonsavtalar:

1. Avtale mellom kommunane Gloppen, Jølster, Førde, Gaular, Naustdal, Flora, Fjaler, Askvoll og Hyllestad (9 kommunar)
2. Avtale mellom Flora, Naustdal, Gaular, Jølster og Førde (SiS)
3. Gaular, Naustdal, Førde og Jølster («liten» SiS)
4. Hyllestad, Solund, Fjaler og Askvoll (HAFS).

Solund kommune gjorde samstundes vedtak kor dei bad om å få tiltre intensjonsavtalen for 9 kommunar. Dette vart godkjent slik at det store alternativet vart utvida til å gjelde 10 kommunar.

Hausten 2015 hadde ein fokus på innbyggjarinformasjon og -høyring gjennom:

1. Informasjonsarbeid, der avisa «Puslespelet» særskilt kan nemnast
2. Folkemøte i kommunane
3. Kvantitativ innbyggjarundersøking pr. telefon i perioden 15. – 28. oktober 2015
4. Felles formannskapsmøte 06.11.15

På bakgrunn av resultatane i innbyggjarundersøkinga i oktober 2015 vart det bestemt at det ikkje var grunnlag for vidare arbeid knytt til intensjonsavtalen for 10 kommunar.

I perioden januar – april 2016 hadde følgjande aktivitetar fokus:

- Generell informasjon og involvering fram mot innbyggjarundersøking og rådgjevande folkerøysting
- Spesielt blick på informasjon til og involvering av ungdom
- Innbyggjarundersøking i kommunane Solund, Fjaler og Førde
- Rådgjevande folkerøysting i kommunane Jølster, Flora, Naustdal, Gaular, Askvoll og Hyllestad
- Felles formannskapsmøte 08.04.16, og kor Flora og Solund melde tilbake at dei med grunnlag i røysterresultata ikkje var med vidare.

Med dette som bakgrunn stod ein for kommunane i indre Sunnfjord igjen med eitt samanslåingsalternativ, «liten SiS». Innan fristen 01.07.16 gjorde kommunane i indre Sunnfjord slike vedtak i høve spørsmålet om kommunesamanslåing:

Kommune	Vedtak
Naustdal	<p><u>Naustdal kommunestyre K-16/024</u></p> <p>Med grunnlag i resultatet av folkeavrøystinga 4. april 2016 og seinare meiningsmåling vedtek Naustdal kommunestyre at Naustdal kommune skal gå saman med kommunane Førde, Jølster og Gaular om å skipe ein ny kommune frå 1.1.2020.</p> <p>Oppretting av fellesnemnd med mandat vert å kome attende til. Naustdal kommunestyre føreset at dei fire kommunane vert likt representert i nemnda. Vidare føreset Naustdal kommunestyre at friviljugprinsippet vert fylgd i det vidare arbeidet med kommunereforma.</p> <p>Dei andre kommunane som har inngått tilleggsavtale (handsama i kommunestyret 12. mai) til intensjonsavtalen har ikkje endringar i «Kapittel 3 Fellessatsingar og kommuneovergrepande.» Då fell også Naustdal kommune sine nye tiltak som kom til etter forhandlingane var avslutta. Dette gjeld «Vevringutstillinga og Instedalen Skileikeanlegg» som vert lagt til i avtaleframlegget kapittel 3.</p>
Førde	<p><u>Førde bystyre – 019/16</u></p> <p>Basert på vedteken intensjonsavtale og gjennomført innbyggjarhøyring vedtek Førde kommune å slå seg saman med ein eller fleire av kommunane Naustdal, Gaular og Jølster.</p> <p>Førde kommune er positiv til at ein eller fleire kommunar i HAFS kan slutte seg til intensjonsavtalen for "liten SiS", og bli ein del av ein større kommune i Sunnfjord dersom kommunane Naustdal, Gaular og Jølster også er samde om det.</p> <p>Førde bystyre sluttar seg til vedlegg datert 15.04.2016 til "Intensjonsavtale - kommunesamanslåing Førde, Gaular, Jølster og Naustdal kommunar" med slikt nytt kulepunkt i staden for Storhandelspark på Hafstad bygge institusjon / omsorgsbustader</p>
Gaular	<p><u>Gaular kommunestyre – 032/16</u></p> <p>Med bakgrunn i vedteken intensjonsavtale og vedlegg vedteke 28.04. 16 sak 26/16 og gjennomført folkerøysting vedtek Gaular kommune å slå kommunen saman med Førde, Jølster og Naustdal frå 2020.</p> <p>Gaular kommune vil presisere at ein føresetnad for å seie ja til kommunesamanslåing er at kommunane går inn i ein ny, større kommune som likeverdige partar, med dei midlar som kvar einskild kommune rår over. Dersom</p>

	det skal opprettast fond i den einskilde kommune, skal alle tidlegare kommunar handsamast likt.
Jølster	<p><u>Jølster kommunestyre – 052/16</u></p> <p>Basert på vedteken intensjonsavtale, gjennomført innbyggjarhøyring og resultat av folkerøysting vedtek Jølster kommune å slå seg saman med kommunane Førde, Gaular og Naustdal.</p> <p>Jølster kommune sluttar seg til vedlegg til intensjonsavtale om kommunesamanslåing med Førde, Gaular, Naustdal og Jølster datert 15.04.16, med følgjande endring i punkt 4 :</p> <ul style="list-style-type: none"> • nytt punkt 3: Realisering av næringsareal på Moskog og utvikle næringsareal på Skei. • nytt punkt 5: Lage eit arbeidsdokument med føremål om å etablere eit eige nærings- og kulturfond for Jølster, med kapital frå etablerte kraftinntekter. <p>På bakgrunn av innbyggjarhøyringa og folkerøystinga finn Jølster kommune det ikkje naturleg at andre kommunar kan tiltre intensjonsavtalen for «liten» SiS og bli ein del av ein ny kommune i Indre Sunnfjord.</p>

For ikkje å misse framdrift i prosjektarbeidet vedtok kommunestyra i dei fire kommunane i september 2016 at arbeidet skulle halde fram, og kor aktuelle arbeidsoppgåver skulle vere:

- Starte informasjonsarbeidet mot innbygarane
- Starte arbeidet med kulturbygging (politisk, administrativt og mellom innbygarane i alle fire kommunane)
- Følgje opp kommunestyrevedtak gjort før 01.07.16
- Informasjon og involvering av dei politiske miljøa i kommunane, til dømes gjennom felles formannskapsmøte
- Starte arbeidet med harmonisering og tettare samarbeid på ulike område. Døme her er løns- og arbeidsvilkår, nivå på tenestene innanfor ulike sektorane, politisk og administrativ delegering mv
- Sjå på tilhøvet til regionsamarbeida i SiS og mellom SiS/ny kommune og Hafs
- Hente inn erfaringar frå andre kommunesamanslåingar
- Drøfte bruken av infrastrukturmidlar (kr 5 millionar) som Regjeringa har løyvd og evt nye tilskotsmidlar som blir løyvd i samband med kommunereforma
- Starte arbeidet opp mot dei kyrkjelege fellesråda i kommunane.

2.3 Staten sine mål med kommune og kommunereforma

Stortinget har bestemt at målet med kommunereforma er å sikre

- gode og likeverdige tenester til innbygarane
- heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- bærekraftige og robuste kommunar

- styrka lokaldemokrati.

Det vil vere naturleg at ein i målsettingsarbeidet for ny kommune bygger på punkta over.

2.4 Oversikt over grunnlagsdokumentasjon, vedtak mv

I det vidare finn ein opplista viktige dokument og vedtak knytt til etablering av ny kommune:

- Utgreingar i regi av PwC og Telemarksforsking våren 2015
- Intensjonsavtale «liten SiS» våren 2015
- Vedlegg til intensjonsavtale, datert 15.04.16
- Kommunestyrevedtak våren 2016
- Notat for å konkretisere vedtaka i kommunestyra knytt til vedlegg til intensjonsavtalen, datert 24.10.16
- Kommunestyrevedtak om samanslåing våren 2017
- Protokoll frå felles kommunestyremøte 21.06.17
- Protokoll frå møte i fellesnemnda 28.06.17
- Protokoll frå møte i fellesnemnda 20.09.17

2.5 Revisjonstidspunkt

Til skilnad frå ein statisk prosjekt- og programplan trur vi det vil vere rett å ha eit «levande dokument» som jamleg blir oppdatert og revidert. Ved å gjere det på denne måten vil ein til ei kvar tid kunne sjå samheng mellom overordna programplan og vedtak som fellesnemnda gjer undervegs i prosjektperioden.

Ein ser føre seg følgjande revisjonstidspunkt (vedtak gjort av fellesnemnda):

- Innan april 2018
- Innan oktober 2018
- Innan juni 2019
- Innan november 2020 (gjeld dersom prosjektperioden blir forlenga til etter 31.12.2019)

Fellesnemnda vil truleg gjere vedtak i fleire møte enn ved revisjonstidspunkta, og som naturleg vil inngå ved revisjon av planprogrammet. Truleg vil det også bli aktuelt å vurdere endringar knytt til programorganiseringa når prosjektleiar / rådmann for ny kommune er på plass.

3. Mål for den nye kommunen

3.1 Ulike typar mål

Det er fleire måtar å dele inn mål på. Ein måte er ved bruk av følgjande kategoriar:

- Samfunns mål: Effekten for den nye kommunen når ein klarar å hente ut gevinstane som er bestemt. Det vil ofte ta ei tid før effektane kan målast. Døme på samfunns mål frå intensjonsavtalen: *Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane*. Eit anna døme på samfunns mål vil vere Stortinget sine mål med kommunereforma; gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, bærekraftige og robuste kommunar og styrka lokaldemokrati.
- Effektmål: Nyten for brukarane når gevinstane er tatt ut. Døme her kan vere om ein bestemmer at grunnskulane i den nye kommunen skal score 10% høgare/betre enn tidlegare snitt i Kommunebarometeret si undersøking.
- Resultatmål: Leveransar av arbeid i prosjektperioden. Døme her vil vere etablering av felles dokumentssenter (arkiv) eller utarbeiding av felles praksis for tildeling av pleie- og omsorgstenester.

3.2 Hovudmål/samfunns mål

Intensjonsavtalen (vedteken 2015) og tilleggskildet (vedteken 2016) vil vere retningsgjivande for arbeidet, men det vil truleg vere behov for at fellesnemnda i løpet av prosjektperioden i større grad konkretiserer og prioriterer.

Intensjonsavtalen omtalar følgjande samfunns mål:

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane

Vidare konkretiserer intensjonsavtalen hovudmålet i følgjande delmål:

- Skipe ein livskraftig og attraktiv kommune som sikrar god folketalsvekst
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Bygge ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø

Tilleggskildet omtalar følgjande målsettingar (tiltak) for den samla nye kommunen:

- Den nye kommunen skal arbeid for følgjande prosjekt inn mot NTP/RTP:
 - RV 5 Kjøsnestjorden rassikring
 - RV 5 Naustdal-Erdal samt Leversundet Flora, rassikring og framtidig løysing.
 - E39 gjennom Gaular, Førde og Jølster, planleggingsmidlar og framtidig løysing i samsvar med stamvegutvalet sine prioriteringar
 - E39 Skjersura og Våtedalen rassikring
 - FV 57, Dale – Storehaug med bru over Svesundet. Rassikring og permanent løysing
 - Kryssing av Førdefjorden (Ålesundet) med tilførselsveg (Fv611) til Naustdal sentrum

- Utvikle flyplassen på Bringeland
- Høghastigheits breiband, mobildekning og digitalisering
Den nye kommunen skal arbeide for utbygging av høghastigheits breiband i heile kommunen, samt 4G dekning i mobilnettet.
- Utvikle kulturinstitusjonane i indre Sunnfjord til beste for innbyggjarar og reiselivsnæring, samt auke kunnskapen og interessa for ulike kulturuttrykk i regionen. Døme på dette er
 - Astrup-tunet
 - Nikolai Astrup, Oddvar Torsheim og Kjartan Slettemark sin kunst
 - Sunnfjord museum
 - Eikås-galleriet
 - Senter for verna vassdrag i Gaular
 - Luftkampmuseet i Naustdal
- Satse på og vidareutvikle sentrale idretts- og fritidsanlegg i kommunane til regionanlegg. Døme på dette er:
 - Langeland ski- og fritidssenter
 - Jølster skisenter
 - Sunnfjord golfklubb
 - Hafstadparken
 - Førdehuset
 - Skyttaranlegget i Kråkenesmarka
 - Motorsportanlegget i Kråkenesmarka
 - Sanden friluftsområde i Naustdal
- Satse på fortrinn basert på naturressursar (turisme, vasskraft, fjordenergi, mineral etc). Den nye kommunen skal arbeide aktivt med myndigheitskontakt for å sikre konsesjonar og rettar til å utnytte naturressursar. Døme på dette er:
 - Utbygging av Jølstra og Gloppen-vassdraga
 - Fjernvarmeanlegg i Førde sentrum
- Utvikle senterstrategi for lokalsentra i kommunen
 - Etablere kollektivtilbod i kommunen mellom ulike lokalsentra i kommunen
 - Utvikling av lokale bustadfelt
 - Næring
 - Møteplassar

I møte 19. og 20. september 2017 drøfta fellesnemnda innhaldet i intensjonsavtalen, og kor det vart uttrykt at dersom ein skal peike på eitt hovudmål så må det vere å sikre folketalsvekst.

3.3 Kven er målgruppene/interessentane?

For å sikre måloppnåing i og identifisering med arbeidet er det viktig å ha klart for seg kven som er målgruppene (interessentane). Hovudmålgruppene knytt til ny kommune i indre Sunnfjord vil vere

- Innbyggjarane
- Tilsette
- Næringsliv
- Frivillig sektor
- Samarbeidspartar i interkommunale samarbeid
- Regionen

3.4 Effektmål (konsekvens for brukarane/interessentane) – 3-5 mål pr interessent

Arbeidet med å konkretisere effektmåla vil skje i perioden 4. kvartal 2017 og 1. kvartal 2018, og blir endeleg vedtak i samband med revisjon av programplanen.

4. Program-/prosjektmandat

4.1 Organisering av arbeidet

Arbeidet vil vere basert på programorganisering. Det betyr kort at ein gjennomfører fleire prosjekt som er gjensidig avhengige av kvarandre for å nå måla.

Prosjektarbeid vil ofte vere organisert i tråd med følgjande illustrasjon:



4.2 Fasar

Dei vanlegaste fasane i eit prosjekt er :

- Konseptutvikling
- Kartlegging- og utgreiingsfase
- Planleggingfase
- Gjennomføringsfase
- Avviklingsfase
- Fase for realisering av gevinstar

Fasane fordelt i tid vil då sjå slik ut for dette prosjektet:

År	2016		2017				2018				2019				2020 mv		
	1	2	1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3
Konseptutvikling	■	■	■	■													
Kartlegging/utgreiing				■	■												
Planlegging					■	■	■										
Gjennomføring						■	■	■	■	■	■	■	■				
Avvikling												■	■				
Gevinstrealisering														■	■	■	■

4.3 Hovudprosjekt

Jf. vedtak gjort av kommunestyra våren 2017 vil vi dele prosjekta inn i

- Politiske prosjekt
- Administrative prosjekt

Lista over hovudprosjekt vil bli utvida etter kvart som prosjektarbeidet skjer.

4.3.1 Poltiske prosjekt

Oversyn av vedtekne politiske prosjekt:

År	2017				2018				2019				2020 mv		
	1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3
Tilsetting av rådmann															
Politisk organisering															
Lokaldemokratiprojekt															
Heraldikk															
Val 2019															

4.3.2 Administrative prosjekt

Administrative prosjekt vil bli organisert etter følgjande inndeling:

- Overordna prosjekt, til dømes
 - Kommunikasjon
 - Digitalisering
 - Etablering av rådmannen si leiargruppe
 - Administrativ hovudstruktur
 - Kulturbygging blant tilsette
 - Ulike felles opplæringsprogram
- Helse/omsorg/sosial
- Oppvekst (skule/barnehage)
- Kultur
- Teknisk
- IKT
- Dokumentsenter/arkiv
- Personal
- Rekneskap/økonomi
- Tverrgående prosjekt, til dømes
 - Organisering av tenester til barn og unge
 - Flyktninge- og integreringsarbeid

4.4 Viktige milepelar

- Tilsetting av prosjektleiar/rådmani ny kommune – 1. kvartal 2018
- Etablering av rådmannen si leiargruppe – 3. kvartal 2018
- Administrativ hovudstruktur utarbeidd og vedteken – 4. kvartal 2018
- Politisk organisering vedteken – 4. kvartal 2018

4.5 Prosjektstyringsverky

Ein vil nytte prosjektverky basert på DIFI, prosjektportalen.no.

4.6 Resultatmål

Konkretisering og vedtak av politiske resultatmål må gjerast i det enkelte prosjektt, ev. av fellesnemnda.

Konkretisering av vedtak knytt til politiske prosjekt blir gjort i det enkelte prosjektet, ev. av prosjektleiar i s amr ad med administrativ styringsgruppe.

5. Program- og prosjektorganisering – fullmakter mv

5.1 Forholdet mellom eksisterande kommunar og ny kommune

Kort fortalt har kommunestyra i Jølster, Naustdal, Førde og Gaular og Førde ansvar for å drifte dei eksisterande kommunane på ein best mogleg måte ut 2019. Vidare vil dei ha ansvaret for å avvikle dagens kommunar på ein slik måte at interessene til innbygarane i den nye kommunen blir tatt i vare.


Fellesnemnda for ny kommune si hovudoppgåve vil vere å syte for at prosjektarbeidet ut 2019 (ev. inn i 2020) skjer på ein god måte.

Kommunestyrevedtaka som vart gjort våren 2017 regulerer korleis samarbeidet mellom dagens og ny kommune skal føregå. Om ein skal dra fram eitt moment frå inndelingslova §26 må det vere at «nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld». Konkret betyr det at kommunane sine framlegg til budsjett og økonomiplan må stå på sakskartet til fellesnemnda i prosjektperioden.

Det vil i perioden truleg bli nausynt å drøfte sambruk, samarbeid og ev. samanslåing av tenester før 01.01.20.

5.2 Organisasjonskart

Med bakgrunn i kommunestyrevedtak våren 2017 og vedtak gjort av fellesnemnda i møte 28.06.17, ser prosjektorganisasjonen slik ut:



* deltar i styringsgruppe ved handsaming av tema som gjeld dei tilsette

5.3 Roller og mynde

Arbeidet må i stor grad vere basert på tillit, og kor grensegangar blir trekt gjennom gjensidig informasjon, vedtak i fellesnemnda, avklarings mellom leiar av fellesnemnda og prosjektleiar mv.

5.3.1 Fellesnemnda

Fellesnemnda består av 19 medlemmer fordelt slik:

- Førde: 7 medlemmer + 9 varamedlemmer
- Gaular: 4 medlemmer + 6 varamedlemmer
- Jølster: 4 medlemmer + 6 varamedlemmer
- Naustdal: 4 medlemmer + 6 varamedlemmer.

Kommunestyra i dei ulike kommunane gjorde våren 2017 vedtak om at oppgåvene til fellesnemnda følger av §26 i inndelingslova og intensjonsavtalen, tilleggsdokument datert 15.04.2016, samt notat datert 24.10.2016.

- *Fellesnemnda skal planlegge og førebu iverksetjing av samanslåinga fram til nytt kommunestyre i den nye kommunen er konstituert. Den skal gå igjennom og vurdere alle prinsipielle forhold i samanslåingsprosessen*
- *Fellesnemnda kan inngå avtalar på vegne av den nye kommunen*
- *Fellesnemnda handsamar politisk organisering i den nye kommunen samt reglement for dei nye politiske organa og arbeidsvilkåra for dei folkevalde*

- *Fellesnemnda skal utarbeide mandat for prosjektleiar/ny rådmann og sette i verk tilsetting av denne*
- *Fellesnemnda handsamar prosjektleiar si innstilling til hovudmodell for administrativ organisering*
- *Fellesnemnda skal sørge for at reglar og avtalar om tilsette og tillitsvalde sin medverknad ved samanslåinga blir tatt i vare*

- *Medlemmene i fellesnemnda er arbeidsgjevaren sine representantar i det partssamansette utvalet for samanslåingsprosessen*
- *Fellesnemnda handsamar revisjonsordning for den nye kommunen etter innstilling frå kontrollutvala i dei fire kommunane*
- *Kommunane har i perioden fram til 1.1.2020 ansvar for si ordinære drift, men spørsmål som kan ha betydning for den nye kommunen bør først drøftast i fellesnemnda*

- *Fellesnemnda kan uttale seg om saker som er til handsaming i folkevalde organ i dei fire kommunane når sakene blir vurdert å ha betydning for den nye kommunen*
- *Fellesnemnda har eit spesielt ansvar for å vurdere saker med økonomiske og arealpolitiske konsekvensar. Fellesnemnda skal førebu budsjett for 2020 og økonomiplan 2020 – 2023, men det er det nye formannskapet som skal gje budsjettinnstilling til det nye kommunestyret*
- *Fellesnemnda disponerer eingongstilskot og reformstøtte frå staten i samband med kommunesamanslåinga. Fellesnemnda skal også vedta budsjett for samanslåingsprosessen innanfor ramma av dei statlege løyvingane*

- *Fellesnemnda skal søke å oppnå konsensus i alle avgjerder. Forhold som ein vurderer det er naudsynt å ta stilling til, blir avgjort med vanleg fleirtal. Ved usemje skal fellesnemnda vurdere om spørsmålet kan utsetjast til etter at nytt kommunestyre er konstituert*
- *Fellesnemnda skal halde kommunestyra i dei fire kommunane orientert om nemnda sitt arbeid*

- *Fellesnemnda skal legge til rette for eit godt samarbeid mellom prosjektleiar og rådmennene i dei fire kommunane fram mot etablering av den nye kommunen*
- *Delegering.*
Fellesnemnda kan delegerer til politisk underutval og/eller den administrative styringsgruppa å fatte vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter
- *Saksførebuing*
Administrativ styringsgruppe førebur saker til fellesnemnda.
Når påtroppande rådmann er tilsett, innstiller han til fellesnemnda.
Påtroppande rådmann, rådmennene og prosjektleiar har møte – og talerett i fellesnemnda.

Når det gjeld sakshandsaming i fellesnemnda er det sagt at

I fellesnemnda skal ein søke å oppnå konsensus i alle avgjerder. Ved usemje skal Fellesnemnda vurdere om spørsmålet kan utsetjast til etter at nytt kommunestyre er konstituert. Forhold som ein likevel vurderer det er naudsynt å ta stilling til, blir avgjort med vanleg fleirtal.

I samsvar med §26, 4.ledd i inndelingslova kan kvar av kommunane be departementet (Fylkesmannen) om å ta avgjerd i spørsmål som gjeld fellesnemnda sine oppgåver og fullmakter dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.

5.3.2 Partssamansett utval (PSU)

Partssamansett utval består av 25 medlemmer. Arbeidsgjevar sine 19 representantar er dei same som i fellesnemnda, medan dei tillitsvalde er same om at dei fire hovudsamanslutningane vel kvar sin medlem i PSU. I tillegg skal LO og Unio ha ein ekstra representant kvar.

I saksutgreinga som låg til grunn for kommunestyrevedtaka våren 2017 står det at

«Kva oppgåver som skal leggest til dette utvalet må fellesnemnda avgjere, men det er viktig at det blir eit godt og ordna forhold mellom administrasjonen og dei tillitsvalde gjennom formelle møtepunkt og utøving av drøftingsinstituttet i samsvar med hovudavtalen. PSU vil bli eit stort organ, og bør vere eit vedtaks-/tilrådingsorgan og ikkje eit drøftingsorgan. Drøftingar etter reglane i hovudavtalen må skje mellom dei fire rådmennene og dei hovudtillitsvalde. Partane drøftar sakene i administrativ styringsgruppe og sender ei tilråding til PSU som formelt handsamar saka. Mange av dei personalpolitiske sakene kan også avgjerast i den administrative styringsgruppa».

Intensjonsavtalen har m.a. slik ordlyd i §10:

Det partsamansette utvalet (PSU, jf. Inndelingslova § 26) skal lage eit omstillingsdokument som:

- *Harmoniserer ulike reglement (tilsettingsreglement, permisjonsreglement, m.m.)*
- *Utarbeider ein felles lønspolitikk for alle tilsette*
- *Harmoniserer lønsskilnader over tid*
- *Tilbyr avgangsstimulerande tiltak til leiarar*

5.3.3 Arbeidsutval

I saksutgreiing knytt til kommunestyra si handsaming knytt til oppretting av arbeidsutval står det følgjande:

Inndelingslova opnar for at det kan opprettast eit arbeidsutval som kan få mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art. Ein vil tilrå at ein ikkje nemner opp eit slikt utval no, men prøver å få ei organisering med tydelege roller mellom politisk og administrativt arbeid

Vidare står det «ein ser for seg at ordførarane blir tett involvert i arbeidet ved å ha hyppige og regelmessige møte med den administrative styringsgruppa». Med bakgrunn i dette er det etablert fast møteplass mellom ordførarane, rådmennene og fungerande prosjektleiar/prosjektkoordinator.

5.3.4 Drøftingsarenaer

I kommunestyresak vedtatt våren 2017 står det at

«Drøftingar etter reglane i hovudavtalen må skje mellom dei fire rådmennene og dei hovudtillitsvalde. Partane drøftar sakene i administrativ styringsgruppe og sender ei tilråding til PSU som formelt handsamar saka. Mange av dei personalpolitiske sakene kan også avgjerast i den administrative styringsgruppa».

5.3.5 Prosjektleiar / rådmann i ny kommune

Prosjektleiar / rådmann i ny kommune er ansvarleg for at arbeidet skjer i tråd med vedtak gjort av fellesnemnda. Samarbeidet mellom fellesnemnda og prosjektleiar/rådmann i ny kommune skal vere basert på gjensidig tillit kor fullmakter og arbeidsmåtar blir utvikla undervegs. Men prosjektleiar/rådmann i ny kommune vil innanfor vedteke budsjettråme ha fullmakter på same nivå som rådmennene i eksisterande kommunar. Det betyr mellom anna fullmakt til å

- inngå avtalar generelt
- gjere kjøp av konsulenttenester spesielt
- gjere avtalar om frikjøp av ressurspersonar og
- opprette arbeidsgrupper
- starte utgreiingar
- å gjere tilsettingar for å realisere vedtekne prosjekt

5.3.6 Administrativ styringsgruppe

Administrativ styringsgruppe vil på mange måtar fungere slik som rådmannen si leiargruppa i ein ordinær kommune. Det betyr at viktige og prinsipielle saker skal drøftast her før prosjektleiar tek avgjerd.

5.3.7 Prosjektkoordinator/-sekretariat

Prosjektsekretariatet skal etter avtale med prosjektleiar gjennomføre utgreiingar og saksførebuing. Vidare vil sekretariatet yte prosjekt- og prosessbistand til politiske og administrative prosjekt.

5.3.8 Politiske prosjekt

Får sine fullmakter av fellesnemnda.

5.3.9 Administrative prosjekt

Får sine fullmakter av prosjektleiar.

6 Omstillingsdokument

I intensjonsavtalen står det at «*det partsamansette utvalet (PSU, jf. Inndelingslova § 26) skal lage eit omstillingsdokument som:*

- *Harmoniserer ulike reglement (tilsettingsreglement, permisjonsreglement, m.m.)*
- *Utarbeider ein felles lønspolitikk for alle tilsette*
- *Harmoniserer lønsskilnader over tid*
- *Tilbyr avgangstimulerande tiltak til leiarar»*

Revisjons- og konsultantselskapet Deloitte omtalar omstillingsdokument slik i sin rapport «Arbeidsgiverpolitikk i kommunesammenslåinger»:

Det anbefales også at kommunene som en del av prosessen utformer et omstillingsdokument, som gir føringer for hvordan omstillingen skal foregå og hvilke personalpolitiske tiltak som skal iverksettes. Omstillingsdokumentet kan sammenliknes med en midlertidig arbeidsgiverpolitisk strategi for sammenslåingsperioden, og kan for eksempel beskrive regelverk for virksomhetsoverdragelse, overtallighet, håndtering av innplassering eller prosess for harmonisering av ytelser (i praksis har flere kommuner kalt denne en omstillingsavtale).

Ein ser føre at følgjande vil inngå i eit samla omstillingsdokument

- Regelverk for verksemdoverdraging
- Regelverk for frikjøp av tillitsvalte i prosjektperioden
- Regelverk for kompensasjon for meirarbeid i prosjektperioden
- Organisasjonskart og bemanningsplanar
- Regelverk for utvalsområde, overtallige, innplassering og omplassering
- Rutinar for tilsetjing og permisjonar fram til 01.01.20
- Verkemiddel for å behalde kritisk kompetanse i prosjektperioden
- Omstillingstiltak generelt og avgangstimulerande tiltak for leiarar spesielt
- Løn og lønspolitikk

7. Gevinstrealisering

Alle politiske og administrative prosjekt og delprosjekt skal gjennomføre vurdering knytt til kva gevinstar ein kan oppnå både i prosjektperioden, og knytt til ny kommune.

8. Risikostyring

Saman med mål om gevinstrealisering skal risikostyring/-vurdering skje i alle politiske og administrative prosjekt.

9. Informasjon, kommunikasjon og involvering

Det skal utarbeidast kommunikasjonplan som skal vedtakast av fellesnemnda.

10. Økonomi

10.1 Økonomiske verkemiddel

Staten har stilt til rådvelde fleire økonomiske verkemiddel knytt til kommunerforma:

- Eingongskostnader
- Reformstøtte
- Inndelingstilskot
- Overgangsordningar i høve basistilskot.

Arbeid som er omtalt i dette dokumentet vil bli utført innanfor ordninga med øyremerka tilskot for eingongskostnader.

10.1.1 Eingongskostnader

Tilskot i høve eingongskostnader er meint å dekke kostnader knytt til prosjektperioden fram til ny kommune er på plass 01.01.20. Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv på sine nettsider at

Kommuner som slår seg sammen får dekket engangskostnader etter en standardisert modell. Basert på utbetalingene i de siste sammenslåingsprosessene ble 20 millioner kroner satt som et grunnbeløp per sammenslåing, og differensiert etter antall kommuner og antall innbyggere i sammenslåingen. Beløpene ble prisjustert i 2017. Beløpet utbetales når nasjonale vedtak om sammenslåing er gjort.

Modell for dekning av engangskostnader i reformperioden (kroner).

Antall kommuner og innbyggere i sammenslåingen	0-19 999 innbyggere	20- 49 999 innbyggere	50- 99 999 innbyggere	Over 100 000 innbyggere
2 kommuner	20 500 000	25 600 000	30 800 000	35 900 000
3 kommuner	30 800 000	35 900 000	41 000 000	46 100 000
4 kommuner	41 000 000	46 100 000	51 300 000	56 400 000
5 eller flere kommuner	51 300 000	56 400 000	61 500 000	66 600 000

Ny kommune i indre Sunnfjord har fått utbetalt kr 46,1 mill i eingongsstøtte.

10.1.2 Reformstøtte

Kommunar som slår seg saman får reformstøtte. Reformstøtta går til alle samanslåtte kommunar med vedtak i reformperioden. Støtta er differnseiert etter innbyggartal, og utbetalinga skjer utan ytterlegare søknad frå kommunane (blir utbetalt på tidspunktet for samanslåing – 01.01.20).

Modell for reformstøtte i reformperioden:

Tal innbyggjarar i samanslåing	Reformstøtte
0 – 14 999	5,1 mill
15 000 – 29 999	20,5 mill

30 000 – 49 999	25,6 mill
Over 50 000	30,8 mill

Ny kommune i indre Sunnfjord vil i 2020 få utbetalt kr 20,5 mill.

10.2 Rekneskapsføring

Inntekter og utgifter knytt til reformarbeidet i prosjektperioden vil skje i regi av Førde kommune. Det er oppretta eit eige ansvarsområde, ansvar 105, kor prosjektleiar har tilvisingsmynde.

Rekneskapsjef Terje Guddal har utarbeidd notat som omhandlar rutinar for rekneskapsføring mv.

10.3 Budsjett

Det vil bli utarbeidd budsjett for bruken av kr 46,1 mill i perioden 2017 -2019, og som vil bli lagt fram for fellesnemnda i desember 2017

10.4 Revisjon

Jf. kommunestyrevedtak våren 2017 vil KRYSS Revisjon utføre revisoroppgåver i prosjektperioden.

10.5 Rapportering

Rapportering vil i hovudsak skje ved bruk av valt prosjektstyringsverkyt og ev. ordinær rapportering i Førde kommune knytt til årsrekneskap, årsmelding og årsrapport.